



Arkivnr: 2017/485-33

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		06.12.2017

## Eldre døve som blir tilsidesett i kommunar i Hordaland

### Samandrag

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har blitt oppfordra frå fylkeseldrerådet til å handsame denne saka. Det er ein utfordring for den kommunale pleie- og omsorgstenesta å skaffe teiknspråkkompetanse på sjukeheimar, når det er behov for det. Det vart sendt ein E-post frå fylkeseldrerådet den 09.11.2017 til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet handsama denne saka i møte den 05.04.2017, under ymse-posten. Rådet vurderte det slik, at dette var ein sak for det kommunale rådet og gjekk ikkje vidare med saka.

Det å skaffe teiknspråkkompetanse når det er behov for det, er ein rettighet som døve/tunghøyrd har krav på. Men sidan dette er eit kommunalt anliggende, kan ikkje RMNF gjera anna enn å gje ein uttale: «Fylkesrådet vil oppfordre alle som er medlemmar i kommunale råd om å ta sette spørsmålet opp med administrasjonen i sin kommune. Signo Konow Senter i Bergen har ein sjukeheim for døve/tunghøyrd med teiknspråkkompetanse i driftsavtale med Bergen kommune. Skal døve/tunghøyrd frå andre kommunar få plass her, må det baserast på ein avtale med Konow Senter og Bergen kommune».

### Forslag til vedtak

Forslag til uttale vert vedtatt:

Fylkesrådet vil oppfordre alle som er medlemmar i kommunale råd om å ta sette spørsmålet opp med administrasjonen i sin kommune. Signo Konow Senter i Bergen har ein sjukeheim for døve/tunghøyrd med teiknspråkkompetanse i driftsavtale med Bergen kommune. Skal døve/tunghøyrd frå andre kommunar få plass her, må det baserast på ein avtale med Konow Senter og Bergen kommune.

Bertil Søfteland  
Leiar fylkessekretariatet

Merethe Helland Nordnæs  
Jurist/rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*